

# Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 4

Arna April 1970

3. årgang

## *Ungdomens frelsar*

Ungdomens frelsar, hav i dine tankar  
dei som på villstrå borte frå deg vankar.  
Dåra av verdsens lokketonar fine  
er dei då dine.

Og når du høyrer sukk i stille netter,  
ser kor dei lengtar, hugen mot deg retter,  
syn dei då klårt at himlens fagre rike  
just er for slike.

Vis dei ditt ljós, so unge augo tindrar.  
Gjev dei di kraft, som tvil og vanmod hindrar.  
Styr deira steg, so dei din veg må finna,  
sigerskrans vinna.

Fri norsk attgjeving av salmen «Ungdommens frelsar» etter den danske salmeskalden Olfert Ricard, ved Eirik Skjerve.

## Helsing til konfirmantane

Ungdomstid er vårtid. Det høver difor fint å ha konfirmasjon på denne tid av året. Du som er konfirmant står i din livs vår. Framfor deg ligg livet. Barneåra er no til ende. No gjeld det at du brukar ungdomstida di rett. Korleis du nyttar denne tida, vert ofte avgjerande for korleis livet ditt seinare skal verta.

Eg veit at mange synes kyrkje og kristendom ikkje høyrer med i eit friskt ungdomsliv. Kyrkja er så gammalmodig og stiv i si form, og kristendommen er så full av bod og forbod. For mange ser det ofte ut som om konfirmasjonsdagen vert ein avskiltdag med kyrkja for ei tid. Neste gong dei møter i kyrkja, vert kan henda ikkje før dei gifter seg. Dei som slik held seg borte frå Guds hus i lange tider, har ikkje skjøna kva konfirmasjonen inneber. Når du lar deg konfirmere, vedkjenner du at du framleis vil stå i dåpsakta di, og då skulle det vera sjølv sagt at du ofte vert å finna i kyrkja også etter konfirmasjonen. Kyrkjehuset må verta ein møttestad for alle som vil stå i si dåpsakt. Lat oss difor rett ofte setja kvarandre møte i kyrkja. No har du gjennom konfirmantåret vorten kjend med kva ei gudsteneste er. Vert vi ofte mange unge i kyrkja, vil sikkert mykje av det du no tykkjer er stivt og gammaldags, falle bort. Tenk berre på kor frisk salmesongen skulle verta om kyrkja ofte var full av ungdom!

I «Treffen» og i yngreslaga kring i bygda vår, vonar eg å sjå dykk konfirmantar også etter konfirmasjonen. Dersom du ikkje alt er medlem i eit av desse ungdomslaga, skulle du melde deg inn straks. Her vil du møta gode vener som kan gjeva deg hjelp til å verta verande hos Jesus Kristus.

Legg ikkje bort Nytestamentet du har

fått i gåve hos kyrkjelyden. Det var mein- inga du skulle bruka det. Sjølv om du tyk- ker det er mange ting i denne boka du ikkje forstår, skal du ikkje slutta med å lesa. Bruk bibelleseplanen du har fått. Han vil hjelpa deg til lettare å skjøna det du les. Hugs at Jesus Kristus møter oss i sitt ord, og møte med han kan vi ikkje vera forutan.

Takk så for konfirmanttida vi fekk ha saman. Må vi alle få nåde til å leva livet til Guds ære!

Kateketen.

## Gjevarsinn i åtte trinn

Filosofen Maimonides, ein jøde som livde i Spania i millomalderen, har skrive om «dei åtte grader av sælebot»:

1. Han som gjev til dei fatige, men med eit likesælt hjarta.
2. Han som gjev av eit varmt hjarta, men ikkje nok.
3. Han som gjev nok, men fyrst etter at han er beden om det.
4. Han som gjev utan å vera beden.
5. Han som gjev utan at han veit kven som fær gáva hans.
6. Han som gjev utan at den som fær gáva veit kven som hjelpte han.
7. Han som gjev utan å kjenne til mot- takaren og uten at mottakaren veit om han.
8. Han som strir mot fatigdomen ved at han gjev den fatige utveg til å koma.

## Fagr bordbøn eg hørde i Arna

Jesus, du kjære usynlege gjest. Takk at du signar kvardag og fest. Takk for du gjev oss vårt daglege brød. Takk for ditt liv og din død.

## Helsing til konfirmantane våre 1970

Eg lyt og få helsa dykk og ynskja dykk velkomne til Guds hus til høgtid og konfir- masjon. Dei eg kjenner so vel frå samver, lesing og yverhøyring og dei eg mindre kjenner, dei som kateketen har lese med. Vonar, gjer eg at noko av verdi skal sitja att i sinn og tankar som var av varande verd. Eg veit det, og kjenner det vel, kor det var stykkjevis og ufullkome det heile. Men no vil eg helsa dykk alle, og gjera det ut frå eit kjært ord frå Romarbrevet 8.32.: «Han som ikkje sparde sin eigen son, men gav han for oss alle, korleis skulle han kunna anna enn gjeva oss alle ting med han?»

Vil de då gjera meg den tenesta at de vil hugsa det og gøyma det i hjarto. For det står for meg no som det viktugaste eg har på hjarta. Guds kjærleik og hjartelag er grenselaus, han sparde ingen ting for oss. Han gav oss sonen sin, til lidning, spott, pina og død. Når so dette er gjort skal me få rekna med at alt me tykkjer stend att, det

skal Gud sjølv gjeva oss med han. Me van- tar innsikt, frimod, gleda, og endå meir trong me ta med i bøni vår. Slik det står i salmen på 1. sida: «Vis dei ditt ljøs, so unge augo tindrar. Gjev dei di kraft, som tvil og vanmod hindrar. Styr deira stig, so dei din veg må finna, sigerkrans vinna».

Dette ordet eg nemnde frå R.br. har eg sjølv teke imot frå Gud og vil byggja på det og gjøyma det vel. Difor sender eg det vidare til dykk all, og vona det vil gjeva dykk frimod og gleda slik som det gav meg.

Dette får då vera den siste lekse eg gir alle lesarane i Arna. For Guds åsyn skal me få det same frimod alle — eg som pres- ten dykkar og de som konfirmantane mine. Alle står me for Gud og er like for han.

Gud signe då kvar og ein og heimane dykkar, og høgtidi me skal halda. Både i kyrkja og heime.

Kjærleg helsing, Einar Tesdal.

## «Unge heimar» vil samlast

### 2.-3. mai på Ungdomheimen

Det er Bjørgvin krins av Noregs Kriste- lege Ungdomsforbund som byd inn og Trond Hardeng er kontaktmann. Det er 3. gongen no dei byd unge menneske i sam- livssituasjon i hop til hugnad og rettleiding.

Trulova par, unge ektefolk og einslege mødrer. Borni kan de taka med. Det vert vakt over dei for at alle kan vera ilag og høyra foredrag og gudstenesta.

30. april er det høve til å taka i veg. 1. mai vert det hyggjekveld. Då talar dei om: «Svik

me kyrkjelyden, svik kyrkjelyden dei unge heimane?»

Psykolog Thorleif Eikeland fører lyden inn i rollefordeling i heimen — kven og kva er det som avgjer det?

Pris og kostnad. Kr. 38 pr. døger for enkle personar, kr. 70 for ektefolk. Born 3-12 år ½ pris.

Innmelding til: N.K.U.F., Kong Oscarsgt. 14, Bergen. Telefon: 14 901 el. 68 443 innan tysdag 28. april.

## Namneliste over konfirmantar

I ARNA KYRKJE 19. APRIL 1970.

*Gutar:* 23.

Annaniassen, Nils Johan  
Antonsen, Yngve  
Arnesen, Egil  
Berge, Rune Henrik  
Bøe, Arnt Kåre  
Eide, Jan Harry  
Eide, Thorbjørn  
Eliassen, Arild  
Gjerde, Rune  
Hjelle, Anders Olav  
Indreane, Eirik  
Jensen, Tore Christian  
Jørgensen, Frank Jonny  
Nilsen, Henry  
Rolland, Bjørn Åge  
Rolland, Roald  
Sivertsen, Julius  
Sivertsen, Sigvard  
Solberg, Robert  
Thunestvedt, Terje  
Træland, Helge Arvid  
Wik, Kenneth Andre  
Wilsgård, Jens.

*Jenter:* 33.

Aga, Tove  
Andersson, Vibeke  
Angelskår, Mona  
Askeland, Anne Britt  
Beckstrøm, Kari  
Bøe, Anne-Kirsti  
Bøe, Sigrid  
Dalseth, Grethe  
Erdal, Toril  
Hals, Vivian  
Hartveit, Elin  
Hjelle, Kari Margrethe  
Indrehus, Toril  
Iversflaten, Kari Synnøve  
Kalsaas, Arnlaug

Karlsen, Elin  
Kjerpeseth, Anne Britt  
Kjørlaug, Jane  
Koch, Anne Mette  
Løvaas, Astrid  
Midtun, Liv  
Otterlei, Gøril  
Pedersen, Anne Karin  
Rolland, Evelyn  
Sandstå, Astrid  
Sleen, Liv  
Solberg, Anne Grethe  
Solberg, Berit  
Songstad, Unni  
Strømmen, May Brit  
Taule, May Lis  
Tungeland, Margrethe  
Amot, Laila Toril

## Namneliste over konfirmantar

I ARNA KYRKJE 26. APRIL 1970.

*Gutar:* 32.

Bruåsdal, Stein Inge  
Fjellanger, Kurt  
Fossmark, Helge  
Furevik, Bjarte Magne  
Hammersland, Helge  
Haugsvær, Magnar  
Haukeland, Rolf Emil  
Heimvik, Kurt Arne  
Herland, Øystein  
Kjellby, Gunnar  
Kleiveland, Jarle  
Kvalvåg, Hans  
Lohne, Nilmar  
Mjelde, Steinar  
Nævdal, Helge  
Romslo, Anders  
Skjoldal, Odd Egil  
Solberg, Tor  
Svendheim, Karsten  
Syslak, Harry  
Taranger, Johnny  
Thue, Hans

## Arna Helselag

ARSMØTE I ARNASTOVA 8. MARS 1970.

Lyden fekk sitja kring duka bord og nyta kaffikoppen medan drøftingane skreid fram. Det vart ei freda stund. Og fine vår-songar ljoma friskt i halli. «Å nei for himmel rein og klår», «Little fuglen sette seg på kyrkjespong», «No kjem den vene våren».

Forkone i laget er Bjørg Olsnes og ho styrde flokken. Johs. Midtun hadde rekneskapen. Han kunne fortelja at laget stod seg godt. Litt i banken og litt i kassen. Ei bankbok på 7392 kr. arva etter Arna folkebad. No tenkjer dei ikkje lenger på slikt, så helselaget fekk rådvelde yver pengane til sine mange gode fyremål. Liknande sum hadde dei i kassen sin og, så dei skreiv kr. 15.000,— som eiga. Laget har 800 lemer. Dei hadde betalt kr. 5,— i kontingent og lokallagi kom med gåver attåt.

Frå Rolland kr. 105,—, Seimsmark 1500,— Skuggestrand 100,—, Arna-Indre 600,— og soknerådet 401,— kr.

Pengane vart sette inn på 2 frontar. Barnekontroll i Indre Arna skulen og fotevask og røkt for eldre. Fru Felde er det som tek seg av det siste. Dei smilte helst av slikt før — nagleklypp. Men det kan vera ei vand sak for eldre folk med stive ryggjer og ringt syn.

Fru Vedeler var gjest på årsmøtet. Ho peika på dei store oppgåvene som ligg og ventar på oss. Ho nemnde velferdssenter for eldre, tannrøkt for småborn og anna nyttigt me skulle prøva oss på.

Men med våre små resursar vinn me ikkje så langt. Difor gjorde dei vedtak å setja årpengane opp for kvar husstand til kr. 15,—. Det var ikkje meir enn ei kinoreis til byen. Me var sume som rett nok meinte

Thunestvedt, Roy Åge  
Tyssedal Geir  
Ure, Kjell  
Vevle, John Roger  
Vik, Steinar  
Viken, Helge  
Vindheim, Tor  
Ytrearne, Kjetil  
Asheim, Magne.

*Jenter:* 34.

Arnesen, Wenche  
Borge, Margrethe  
Bratholmen, Solfrid  
Espeland, Reidun  
Fredriksen, Tone  
Frotjold, Randi  
Garnes, Anne Grethe  
Gjerde, Inger Anne  
Heggertveit, Bente  
Herland, Anne Berit  
Hesjedal, Berit  
Hope, Angunn  
Hope, Kari Margrethe  
Håøy, Aslaug  
Kleiveland, Bjørg Hildur  
Laurent, Ingrid Isabelle  
Løseth, Grethe Karin  
Mehl, Helga  
Minde, Bjørg Henny  
Minde, Karin  
Minde, Reidun Irene  
Mjelde, Elisabeth  
Mæland, Randi  
Norheim, Ragnhild  
Nygård, Else Marit  
Pedersen, Anne-Grethe  
Rolland, Vigdis  
Skjoldal, Bente Inger  
Skulstad, Elin  
Solberg, Randi  
Steinsund, Else  
Strømmen, Anne Brit  
Tåkvam, Wenche  
Thunes, Reidun

me kunne nøgja oss med kr. 10,—. Berre me fekk folket vårt mannjamnt med. Men 800 lemer er for lite no. Men me tykte då det var sømelegast at dei mange som fekk lut og del i tenestene våre ville og vera med som lemer i laget. For det er idag mest dei trugne, gamle me litar på. Dei som går føre i så mange andre ting og i bygdi vår. Og helselaget vårt har sanneleg kome vel med for mange i tidene som for. Enno vonar me verta liv laga og makta nye teneste for bygdefolket vårt. Det var i 1910 dei tok til. Då var det tæringsnaud i landet. Sidan vart det hjarteskjukdomane som herja. No er det dei gamle dei prøver ta seg av.

Og vert det mange som stør oppunder oss, skal me nok finna fram til oppgaver som skal verta til gleda og gagn for mange i Arna.

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE I ARNA:

- 14.3. Birte, foreldre: Rolf Kippersund og kona Margunn Helene f. Sandvik.  
 14.3. Gry, for.: Arthur Arnetvedt og k. Gyda f. Eide.  
 21.3. Ingrid Agathe, for.: Nils Inge Ramslo og k. Signy f. Nybø.  
 21.3. Tore, for.: Jan Otto Fanebust og k. Marit f. Johannessen.  
 21.3. Kjell Agnar, for.: Kjell Rune Horvei og k. Anne Otellie f. Galterudhøgda.  
 22.3. Jan Egil, for.: Kåre Johan Reigstad og k. Signy f. Gaupholm.  
 22.3. Henrik, for.: Birger Kjønås og k. Berit Arnfrid f. Nøland.  
 22.3. Geir, for.: Odd Kippersund og k. Inger f. Andersen.  
 22.3. Trond, for.: Svein Åge Johnsen og k. Britt Laila f. Alvheim.  
 22.3. Karin, for.: Kurt Bolstad og k. Gun-  
 da f. Horsfjord.

- 29.3. Bente, for.: Jan Veland og k. Turid f. Sæle (døyppt i Sandnes k., Masfjorden).  
 29.3. Nina, for.: Terje Olsen og k. Vigdis Borgfrid f. Herland.  
 30.3. Lisbeth, for.: Kåre Torvald Pedersen og k. Unni f. Rikstad.  
 29.3. Frank Åge, for.: Åge Overgård og k. Oddny Eldbjørg f. Larsen.  
 4.4. Christian, for.: Oddvar Magne Lohne og k. Gisela Ilse Margarethe f. Jacobs.  
 4.4. Eva Beth, for.: Sigmund Raa og k. Signe Karin f. Harketstad.  
 4.4. May Britt, for.: Arvid Egil Lohne og k. Iris Helene f. Grønås.  
 11.4. Per Inge, for.: Alf Otto Molvik og k. Eli Karin f. Kampeveld.  
 11.4. Hege, for.: Tor Rogne Iversen og k. Britt f. Frantzen.  
 11.4. Gry Marian, for.: Martin Unneland og k. Jorunn Synnøve f. Strand.  
 11.4. Kari Anne, for.: Arne Borge og k. Unni f. Thunestvedt.  
 11.4. Terje, for.: Oskar Vedå og k. Gerd f. Romslo.

#### VIGDE:

- 24.3. Oddbjørn Arne Urke og Hildegunn Furnes.  
 4.4. Alf Johan Høyberg og Gerd Unni Kleiveland.  
 11.4. Egil Henry Tunes og Reidun Havre.  
 11.4. Øyvind Kvinge og Kari Vevle.

#### AVLIDNE:

- 22.2. enkja Helga Halland f. 1893.  
 24.3. enkja Randina Robertsen f. 1877.  
 1.4. gift snikkarm. Malvin Bernhard Hals f. 1901.

### No er det tid for markiser

Eg hev fenge agentur på den velkjende norsk Amico med plastbelagt nylonduk i fleire festlege fargar, sol og lysekte. Eg sel og den gode og vakre Pryd Persiennen. Eg tek mål og gjev pris.

Leverandør Aug. Nordanger  
 Råhusplass 3, tlf. 31 949, Bergen

Representant for Arna og Haus:  
 Magnus Borge, Haukeland  
 Telefon 40 021

### ALT I GRAV- MONUMENTER

Espeland Gartneri  
 Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
 Telefon 40809 — Espeland

### Kunngjering

Samrådet for kyrkjegardane i Arna har gjort vedtak om at gravene på Takvam gravstad skal ordnast i samsvar med reglane for stell av kyrkjegardane.

Pårørande til dei som er gravlagd på denne gravstaden får høve til å festa gravene om dei ynskjer det.

Ein vender seg til Emil Dalseth, Indre Arna telefon 40 569 eller til underskrevne, telefon 55 969 innan 15. mai fk.

Ytre Arna 10. april 1970.

Samrådet for kyrkjegardane i Arna.

Johs. Holmefjord  
 f. t. formann

### To møtestader mellom deg og Gud

Av Ludvik Hope.

På to stader kan me menneske møte Gud. Den eine staden har i Guds ord fått namnet nådestolen, den andre domsstolen. Nådestolen har Gud reist her på jorda mellom syndarar og for syndarar. Domsstolen er reist utanfor dette liv. Vi møter han først når vi går bort her ifrå, frå nådetida.

Ingen vert tvinga til å møte Gud ved nådestolen. Den som vil, kan gjere det. Den som ikkje vil, kan late det vere. Lat oss hugse at vi må gå til nådestolen av fri vilje. Men lat oss heller ikkje gløyme at ved domsstolen må vi møte Gud, anten vi vil eller ei. Der kan ingen kome forbi Gud.

Har du møtt Gud ved nådestolen?

I dette spørsmålet heng heile din evige livslagnad. Måtte du handle klokt og ikkje late nokon hindre deg frå å møte Gud ved nådestolen.

Men nokon kunne kanskje spørje: Ja, men kva er nådestolen for noko? Kvar finn eg han? Kva er det som gjer at han kan berge meg?

I Rom. 3,24-25 står eit ord som gjev svaret:

«Og dei vert rettferdiggjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus. Honom syntte Gud fram i blodet han som ein nådestol ved trui.»

Gud har sett fram nådestolen, og nådestolen er Jesus Kristus. Der kjem Gud saman med oss.

Han er sonofferet. Han tok synda bort ved sitt offer, og med sitt eige blod gjekk han inn i heilagdomen og fann ei evig utløysing.

«Lat oss då med fritt mod gå framfor nådens kongestol for å få miskunn og finne nåde til hjelp i rette tid.»

**J. BERSTAD**

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.  
Sport og camping.  
Glass og steintøy.**HAUS SPAREBANK**

Snakk med sparebanken

Ytre Arna - Indre Arna -  
Espeland - LonevågAlt i bøker, papir, gramo-  
fonplater og leiker får De  
hos**F. BEYER**Bok og papirhandel  
Indre Arna**STØRRE BARNETRYGD**Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned  
La pengane gå direkte inn på konto i  
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken  
kva kontotype som passar best.  
Pengane står alltid til disposisjon.  
Rente opp til 5 pst. p.a.**ARNA PRIVATBANK**

Vakre blomar frå

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**I min forretning**finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp

5260 Indre Arna - Tlf. 40496

**Preikelista**

3. s. e. p. 19. april:

Indre Arna. Soknepresten. Konfirmasjon.  
Tren gereid. Res. kap.

4. s. e. p. 26. april:

Arna. Soknepresten. Konfirmasjon.  
Ytre Arna. Res. kap.

1. mai:

Arna kl. 19.00 har indremisjonen møte v/ G. Bal-  
lestad.

5. s. e. p. 3. mai:

Arna. Soknepresten. Nattverd.  
Ytre Arna: Res. kap.

Helgatorsdag 7. mai:

Arna. Soknepresten. Minnedag for vår frigjering.

Y. Arna 6. s. e. p. 10. mai:Arna. Soknepresten.  
Ytre Arna. Konfirmasjon v/ Res. kap.

17. mai:

Arna. Barnegudstenesta v/ Soknepresten.  
Ytre Arna v/ Res. kap.

2. pinstidag:

Arna. Soknepresten.  
Ytre Arna. Res. kap.Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.  
Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.  
Bladpengar kr. 5,- for året. Postgiro: 310444.

Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund

*Björqvist*